



Landbruk
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/10258 - 22/11954

Saksbehandlar:
Kjartan Medaas
kjartan.medaas@alver.kommune.no

Dato:
10.02.2022

Søknad om dispensasjon til uttale - gbnr 155/10 Monstad

Tiltak: Søknad om dispensasjon
Byggjestad: Gbnr 155/10
Tiltakshavar: Johanna Maria og Erling Rosnes
Ansvarleg søker: Seim Bygg AS

Saka gjeld søknad om deling og dispensasjon frå arealdelen av kommunedelplan for Lindås (KDP) for oppretting av ny bustadtomt.

Gbnr 155/10 er registrert med eit areal på omlag 5605.9 m² i matrikkelen. Det vert søkt om oppretting av tomt på 950 m².

Søknad om deling er nabovarsla i tråd med plan- og bygningslova § 21-3. Det ligg ikkje føre nabomerknader.

Det er lagt fram erklæring om vegrett, rett til tilkopling vatn, utvida bruk av avkøyrsløse til kommunal veg og førehandsløyve for avløpsløyving.

Aktuelt areal er klassifisert som bygd og skog i NIBIO sitt gardskart.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område. Arealet er sett av til LNF formål i kommunedelplan (KDP) for Lindås. Området er omfatta av omsynsone landbruk, H510_oL34.


VURDERING

Dispensasjon

Det er søkt om dispensasjon frå arealdelen i KDP for frådelling av bustadtomt.




Figur 1 Frå situasjonskartet.



Figur 2 Oversiktskart. Blå ring syner plassering av tomt



Figur 3 Ortofoto 2020



Figur 4 Gardskart

Søkjær sin argumentasjon for at det skal gjevast dispensasjon er i hovudsak at eigedomen som tomta skal delast frå er bygd med bustadhus. Eigedomen er ikkje i bruk til landbruksinteresser. Det er ikkje naturleg å føre eigedomen tilbake til jordbruksproduksjon.

Sjå vedlagt dispensasjonssøknad datert 08.12.2021.

Vurdering

Omsøkt parsell ligg innanfor omsynsone landbruk i kommunedelplan for Lindås. Landbruk skal ha særskilt vern innanfor sona. Landbruksinteressene er derfor viktige faktorar i vurderinga om det skal gjevast dispensasjon.

Jordlova

Ber om vedtak etter jordlova frå landbrukskontoret. Søknad om frådelling må vera handsama etter jordlova før den kan verta handsama etter plan- og bygningslova. Søknaden vert likevel sendt på høyring til regionale mynde.

Frist

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Kjartan Medaas
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

9 - Avkjørselsplan - Utvida bruk av avkøyrslø - ny bygning - gbnr 15510 Monstad (Vollom)-kopi.pdf
8 - KART - Situasjonsplan - 1183-21 Skissekart
5 Dispensasjonssøknad - Dispensasjon fra byggegrense - ny bygning - gbnr 15510 Monstad (Vollom)-kopi.pdf
4 -Dispensasjonssøknad - Utvida bruk av avkøyrslø - ny bygning - gbnr 15510 Monstad (Vollom)-kopi.pdf
Søknad om løyve til oppretting av ny grunneigedom - gbnr 155/10 Monstad
Vedlegg 4 Førhandsutale

Mottakarar:

| | | | |
|-----------------------------|---------------|------|-----------|
| Landbruk | Postboks 4 | 5906 | FREKHAUG |
| Statsforvaltaren i Vestland | Njøsavegen 2 | 6863 | LEIKANGER |
| Vestland fylkeskommune | Postboks 7900 | 5020 | Bergen |